



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 27.09.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 11:45

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalseiar
Kjartan Haugsnes	SV	Nestleiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lillian Seim		Arbeidstakarrepr.
Nina Johnsen		Arbeidstakarrepr.

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Marit Midtun, grunna streik i utdanningssektoren		

Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland
HR-leiar Randi Solveig Pedersen
Møtesekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
12/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
13/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
14/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
15/2022	DRØFTINGSSAK - LÆRLINGAR I VAKSDAL KOMMUNE
16/2022	LØNSPOLITIKK - KOMPETANSETILLEGG



12/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 27.09.2022

Behandling:

Samrøystes vedtak.

ADM - sak 12/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

13/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 27.09.2022

Behandling:

Samrøystes vedtak.

ADM - sak 13/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

14/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Administrasjonsutvalet 27.09.2022

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Hausnes på vegner av SV, SP, H:

Administrasjonsutvalet ber om at administrasjonen vurderer bruken av særavtalar, og behovet for desse. Slike avtalar bør berre nyttast ved behov, og ikkje som generelle ordningar.

Mobiltelefon er i 2022 eit arbeidsreiskap for mange tilsette. Administrasjonsutvalet ber kommunedirektøren vurdere om fleire tilsette har trong for tenestetelefon.

Administrasjonsutvalet ber om at oversikt over særavtalar vert lagt fram som referatsak årleg.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 14/2022 Vedtak/Tilråding:

Administrasjonsutvalet ber om at administrasjonen vurderer bruken av særavtalar, og behovet for desse. Slike avtalar bør berre nyttast ved behov, og ikkje som generelle ordningar.

Mobiltelefon er i 2022 eit arbeidsreiskap for mange tilsette. Administrasjonsutvalet ber kommunedirektøren vurdere om fleire tilsette har trong for tenestetelefon.

Administrasjonsutvalet ber om at oversikt over særavtalar vert lagt fram som referatsak årleg.

Referatsakene vart elles tatt til orientering.

15/2022: DRØFTINGSSAK - LÆRLINGAR I VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Vaksdal kommune skal fortsatt være ein lærebedrift
- Vi skal ta inn så mange kvalifiserte lærlingar som vi har kapasitet til å følge opp fagleg og innafor budsjetttrammene
- Lærlingane kan være frå vanlege lærlingeløp og frå alternative måter/vegar til fagbrev
- Lærlingane skal fortrinnsvis være innan barne og ungdomsarbeidarfaget og helsefagarbeidar faget
- Vi kan ta inn lærling i kontorlag og byggeteknisk lag, om vi har relevante søkarar og instruktører til å følge desse opp
- Det skal leggas til rette, slik at erfarne tilsette ønskjer å være fagleg leiar for lærlingar
- Vaksdal kommune skal marknadsføra seg som ein god lærlingekommune, kor lærlingar får god vegleiing og oppfølging



Administrasjonsutvalet 27.09.2022

Behandling:

Endringsframlegg frå Thor Andersen, AP:

Ny tekst kulepunkt nr. 4

Lærlingane skal fortrinnsvis være innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsefagarbeidarfaget, byggdriftarfaget og kontorfaget.

Kulepunkt nr. 5 strykes.

Tilleggsframlegg frå Thor Andersen, AP:

Det blir utført en årlig gjennomgang av kommunens behov for lærlinger i alle sektorer.

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Administrasjonsutvalet ber om at utvalet får tilbake sak i første møte 2023 inklusiv slike punkt.

- Godtgjersle og ordning instruktørar inkludert nyrekruttering
- Årleg gjennomgang for fag som er aktuelle for lærlingar
- Styrke arbeidet med ungdomsskulen for å marknadsføre kommunen som lærebedrift
- Opne tilsettingsreglement for å kunne rekruttere lærlingar

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Thor Andersen sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke

Thor Andersen sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke

Kjartan Haugsnes sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke

ADM - sak 15/2022 Vedtak/Tilråding:

- Vaksdal kommune skal fortsatt være ein lærebedrift
- Vi skal ta inn så mange kvalifiserte lærlingar som vi har kapasitet til å følge opp fagleg og innafor budsjettammene
- Lærlingane kan være frå vanlege lærlingeløp og frå alternative måter/vegar til fagbrev
- Lærlingane skal fortrinnsvis være innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsefagarbeidarfaget, byggdriftarfaget og kontorfaget.
- Det skal leggas til rette, slik at erfarne tilsette ønskjer å være fagleg leiar for lærlingar
- Vaksdal kommune skal marknadsføre seg som ein god lærlingekommune, kor lærlingar får god vegleing og oppfølging

Det blir utført en årlig gjennomgang av kommunens behov for lærlinger i alle sektorer.

Administrasjonsutvalet ber om at utvalet får tilbake sak i første møte 2023 inklusiv slike punkt:

- Godtgjersle og ordning instruktørar inkludert nyrekruttering
 - Årleg gjennomgang for fag som er aktuelle for lærlingar
 - Styrke arbeidet med ungdomsskulen for å marknadsføre kommunen som lærebedrift
 - Opne tilsettingsreglement for å kunne rekruttere lærlingar
-



16/2022: LØNSPOLITIKK - KOMPETANSETILLEGG

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår følgjande vedtak til lokal lønspolitikk:

- Det blir gitt kompetansetillegg for stillingar i HTA kapittel 4 med beløp og trinn slik som vedtatt i lokal lønspolitikk (også for UNDERVISNINGSSILLINGAR).

I tilfeller kor kompetansetillegg gir høgare løn enn det som tariffavtalen gir ved opprykk til neste/høgare stillingskode, skal løna være slik som tariffen ved opprykk tilsier. Tidlegare kompetansetillegg blir «spist opp» ved opprykk til høgare stilling.
- Det blir gitt kompetansetillegg for stillingar i HTA kapittel 4 ved gjennomført relevant etter- og vidare utdanning:

75 studiepoeng gjer kr 32 500,- utover tariffesta løn
90 studiepoeng gjer kr 37 000,- utover tariffesta løn
105 studiepoeng gjer kr 43 500,- utover tariffesta løn
120 studiepoeng gjer kr 50 000,- utover tariffesta løn

Administrasjonsutvalet 27.09.2022

Behandling:

Utsetjingsframlegg frå ordførar:

Saka vert utsett til neste møte. Viser til vedtak i mai-møtet.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 16/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vert utsett til neste møte. Viser til vedtak i mai-møtet

.



ORIENTERINGAR

- Sjukefråvær
 - Ledige stillingar som er lyst ut
- Orientering ved HR-leiar Randi Solveig Pedersen

SPØRSMÅL/KOMMENTARAR

Heidi Rongved

Saksteksten er ikkje med i dokumenta på Innsyn
Dette vil bli retta opp i